- Utstyrssentral
- Arbeida saman med Parken til å få tiltaksplanen for sti og løypeplanen i godt driv i åra framover

Kort resultatvurdering:

Me jobbar mot måla våre og står på for å følgje årshjulet til kultureininga

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik i %	Prognose per 31.12
3 293 871	2 900 660	11,94 %	4 500 000

Mindre forbruk skuldast fleire vakante stillingar som me har køyrt reserveløysingar på. Me ser at behovet for heile stillingar er vesentlege for å få gjort ein del oppgåver som ligg på kultur og at me treng kontinuitet for å lukkast i arbeidet vårt

Aurland barne- og ungdomsskule

Tenesteleiar: Bjørg Henriette Gustavsen

Kjernefunksjonar:

Undervisning

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

Samarbeidande partnerar som PP-tenesta, skulehelsetenesta
Samarbeidande partnerar som skulen nyttar inn i skulens pedagogiske opplegg
Samarbeid med tverrfagleg innsatsteam

Viktige hendingar:

Skulestart og den fyrste innkøyringsfasen etter skulestart kor mange utfordringar kjem på bordet.

Lokale hendingar som i stor grad set føringar på korleis ein dekker opp kjernefunksjonane innanfor lovverket og rammene.

Mål/utviklingsområde:

Målet for skule som eining er å produsere gode, innhaldsrike og kompetansehevande skulekvardagar for elevane. Det skal og vera eit arbeidsmiljø og ein fagleg utvikling i profesjonsfellesskapet som gir den enkelte motivasjon til å levere gode, innhaldsrike og kompetansehevande skulekvardagar for elevane.

Utviklingsområdet til skulen er å implementere ein vurderingspraksis som føl oppdaterte læreplanar og forskrifter for elevvurdering.

Eit anna utviklingsområde, men samstundes eit mål for skulen er å få ein digital infrastruktur som tek høgde for den teknologiske utviklinga det vert forventa at skulen skal ha og fylgje. Utviklingsmålet for skulen er å drive god opplæring innan mange typar digital kompetanse. Målet for skulen på den handfaste måten er at elevar skal ha god tilgang på digitale einheter for å utføre det læreplan og forskrifter tilseier at dei skal.

Kort resultatvurdering:

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik i %	Prognose per 31.12
12 066 343	12 623 575	4,6%	20 765 420

1. Kr. 418.000,- skal førast på prosjekt Fagfornyng. Prosjektmidlar har blitt brukt til å kjøpe inn elev-pc'ar og trykte lærebøker. Skulen har no kome i mål med å kjøpe inn trykte lærebøker i basisfaga + naturfag og samfunnsfag i alle trinn. Den totale summen for dette ligg på 219 000,-. Ein må anse dette som ein hovudinvestering som skal vare i ca 10- 15 år. Det vil for lærebøkene vere behov for å fylle på klassesetta ut i frå klassestørrelser. Om nokre år vil skulen ha ein bokbeholdning som dekkjer dei fleste klassestørrelsar. Som tilleggsinformasjon så har skulen i år valt å kjøpe inn ein god del meir eingongsbøker for å kunne gjere gode faglege vurderingar for kommande skuleår knytt til eingongsbøker (dette vert ikkje investering, men under dagleg drift (11080)).
2. Skulen har hatt meirforbruk knytt til løn. Frå 01.01.22 til 31.07.22 var det ingen endringar i tal tilsette. Likevel ser ein at sjølv frå 01.01.22 til 01.02.22 så er resultatet for løn høgare ein budsjett. Nytt behov knytt til elevoppfølging frå august 22. Overføring av midler er ikkje ført inn. I tillegg kom det i løpet av sommaren nye elevbehov. Elevbehov vert styrt ut i frå kva samarbeidande partnarar som PPT og BUP eller andre meiner at skal vera på plass for å legge til rette for gode skulekvardagar for eleven. Frå august 22 vart lønnskostnaden for fagarbeidar/assistent auka med 97882,-. Ser at både skule 10111 og SFO 10111 ligg over budsjett med henholdsvis 117 000 og 60 000,-. Lærar som har teke vidareutdanning har no endra stillingskode og fått eit lønnstillegg på 40 000,-. Vakant stilling medfører meirforbruk i overtid.
3. Skulen vil få eit lite meirforbruk knytt til lisensar. Ein stor del av skulens driftskostnader knytt til undervisning er lisensar. Det er lisensar på det meste då større og større del av skulekvardagen er digital.
4. Skulen har eit overforbruk knytt til kurs. Budsjettet ligg altfor lavt i forhold til den aktiviteten som Sogn Regionsråd legg opp til at skulane skal ha. Ein skal vera veldig glad for og stolt av det arbeidet som leggst ned i rådet. Det sikrar ei god og fagleg oppdatering i mange ulike retningar under oppvekst. Dette arbeidet tenkjer eg er veldig viktig med tanke på ny læreplan og implementering. Viser og til tidlegare skreve i punkt mål/utviklingsområde.
5. Skulen har eit meirforbruk knytt til budsjettposten Serviceavtalar. Denne meirkostaden kjem avdi ABU måtte kjøpe seg ut av ein serviceavtale som ble sagt opp før leasingperioden var omme.

6. Skulen har ein meirkostnad knytt til Kjøp av private tenester. Den eine posten er i forbindelse med opphald og undervisning på ViteMeir.

Prognose knytt til inntekter på SFO vil vera nedadgåande. Ser av periode 1 -5 at inntekt har gått ned med 100 000,- i tillegg kjem nye forskrifter frå staten på at alle fyrsteklassingar skal få 12 timar gratis SFO-tid i veka. For ABU sin del så vil det sei i praksis at inntekt for 10 elevar uteblir for resten av dette budsjettåret.

Flåm skule

Tenesteleiar: Astrid Hassel

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Vi skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling og få god fagleg og sosial kompetanse både på skule og SFO. Vi skal skape eit trygt og godt skule- og læringsmiljø med fokus på god psykisk helse og med tett oppfølging frå vaksne.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge lokalt og regionalt i region Sogn. Skulen deltek i vidareføringa av samarbeidet etter prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland», i nytt prosjekt under «System for styrka læring i Sogn 2022 – 2030», i fagnettverk og i pedagogisk utviklingsteam.

Viktige hendingar:

- Delteke på regional og lokal fagdag om elevar som utfordrar oss
- Godt samarbeid med bedriftshelsetenesta – ROS-analyse
- Kurs om vald og truslar med bedriftshelsetenesta og politiet for alle tilsette
- Kompetanseheving gjennom opplæring med IKTNH og Visma

Mål/utviklingsområde:

- Vidareutvikle endringar knytte til fagfornyninga og rammeplanen for SFO
- Fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på livsmeistring og god psykisk helse – jfr. «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 – 2023»
- Starte arbeidet med fagområda i «programplan for System for styrka læring i Sogn 2022 – 2030»
- Lage skulen sin lokale plan for arbeidet med sosial kompetanse
- Vidareutvikle den auka digitale kompetansen hjå elevar og tilsette
- Implementere tiltakskorta og betre det tverrfaglege samarbeidet

Kort resultatvurdering:

Vi drifrar skule og SFO så nøkternt og løysingsorientert som mogeleg ut frå rammene vi har og utfordringane vi møter. 66,7 % av pedagogstillingane går til andre oppgåver enn undervisning. Av dette utgjør 20,5 % livsfasetiltak. Tenesteleiar teller ikkje med under livsfasetiltak.

Frå august 2022 reduserte vi den pedagogiske personalressursen med 60 % for å kunne halda budsjettamma. Det hadde vore ynskjeleg å sjå på andre tiltak før vi måtte ta ned alt knytt til pedagogressursen, og håpet var at dette skulle kunne gjerast i samband med

omstillingsprosjektet. Førabels ser det ikkje ut til at noko anna er lagt inn i planane knytt til slik reduksjon. Endringane fører difor til at stillinga som rektor/tenesteleiar no er på 40 % og resten, 60 %, går til undervisning.

Resultatet i høve rekneskap opp mot budsjett er positivt. Prognosen tilseier at vi kjem godt ut også dette budsjettåret for Flåm skule sin del – nær sagt som vanleg.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik i %	Prognose per 31.12
3 762 364	3 760 430	0,05	6 050 000

Flåm barnehage

Tenesteleiar: Marianne Christensen

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Ny program plan for system for styrka læring 2022 -2030
- Nye fagnettverk – Sogn regionsråd
- Implementering av ny handlingsplan for godt barnehage og skule miljø i Aurland kommune
- Arbeid med nettpower / teams opplæring
- Implementering av barnehage app – visma
- Kompetanseheving innan COS

Mål/utviklingsområde:

- Pedagog / bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet.

Kort resultatvurdering:

Aurland 2021	Landet 2021
24,5	42,7

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 2021. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.9	Rekneskap pr. 30.9	Avvik i %	Prognose
3 021 240	2 768 810	8,36%	4 477 150

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerleg oppgradering av leike og pedagogisk material både ute og inne
- Redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt
- Auka betaling av lisensar
- Skjult kostnadar, gunna mangel på tilsette
- Lærlinglønn
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året.

Ifølge prognose so er det ein diff på -422 850 i mindreforbruk.

Frå august av vart det konstituert to tilsette og det vart tatt inn vakanse for desse, dvs at prognosen som seier mindreforbruk vil utjamne seg.

Aurland barnehage

Tenesteleiar: Elisabeth Øynebråten Bekkedal

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Ny program plan for system for styrka læring 2022 -2030

- Nye fagnettverk – Sogn regionsråd
- Implementering av ny handlingsplan for godt barnehage og skule miljø i Aurland kommune
- Arbeid med nettpower / teams opplæring
- Implementering av barnehage app – visma
- Kompetanseheving innan COS

Mål/utviklingsområde:

- Pedagog / bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet.

Kort resultatvurdering:

Aurland 2021	Landet 2021
24,5	42,7

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 2021. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.8	Rekneskap pr. 31.8	Avvik i %	Prognose
5 658 857	6 018 971	- 6,36%	9 748 958

Kommentar og evt. tiltak under

- Redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år.
- To nye vedtak på barn som treng ein til ein, auke i bemanning frå august 2021, det eine tiltaket går over i skulen frå august 2022 og det andre må vidare førast frå august 2022. Den eine vil bli ein fast stilling og må vidareførast når barnet skal i skulen.
- Lærlinglønn
- Søskenmoderasjon vert lagt til Aurland barnehagen der dei har søsken i Aurland og Spiren.
- Auka betaling av lisensar
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året.

Ifølge prognose so er det ein diff på 6,36 % i meirforbruk.

Spes.ped vedtak som er vidareført og det vert konstituert to tilsette i budsjettperioden for å halde pedagog norma.

Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette innebærer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar. Utviklingsplanen til barnevernet har med dette som eige punkt i arbeidet framover

Barnevernet deltek i Innsatsteam.

Frå 1.1.22 skal kommunen ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Det er kommunestyret som har ansvar for at kommunen har ein slik plan, men barnevernet vert ein sentral bidragsytar inn i dette arbeidet.

Viktige hendingar:

- Vakanse på tiltaksarbeidar stillinga. Per no har det ikkje vore aktuelt å kjøpe inn tenester, men dette ser ut som kan endre seg
- Kommunen har frå 1. januar i år overteke større delar av ansvaret for barnevern, herunder tiltak til utsatte barn og unge.
- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta i Aurland, men det har vore positiv endring siste kvartal. Det er framleis viktig å ha fokus på tidleg inn, slik at barn og unge får god hjelp tidleg og minst mogleg inngripande.

Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er så smått komme i gang att, og tenesta har inngått avtale med Visma Veilederen. Dette verktøyet vil vere eit løft i høve opplæring og eigenleing i tenesta.
- Ingen fristbrot.
- Barnevernreforma og endringane der fortsetter inn i 2022. Det vil utfordre kommunen til å sjå oppvekstområde og tiltaksporteføljen vår meir under eitt, og er spennande utviklingsarbeid for heile oppvekstsektoren

Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette har tært på leiarressursen inn mot personale og utviklingsarbeid.

Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr 31.08	Rekneskap pr 31.08	Avvik i %	Prognose
kr 1 888 280.	kr 1 479 321	22,13	2 400 000

Tenesta har per 31.08 eit underforbruk, og mykje av dette kjem av at det er ei stilling med vakanse. Det ligg ann til auka kostnader på tiltak då tenesta siste kvartal har motteke to omfattande saker. Samla vil det vere eit estimat på tiltak kring kr 50.000 i år, men sakene er ikkje ferdig utgreidd slik at det knytter seg noko usikkerheit til kor store kostnadene vert

vidare. Deler av dette er buknader som det kan vere aktuelt at NAV skal overta på sikt. Kostnader til tiltak i 2023 vil bli innarbeida i budsjett.

Det skal jobbast med å rekruttere inn i vakant stilling, arbeidet startar i haust. Samla sett vil tenesta ikkje gå over budsjett slik stoda er i dag, men som alltid knyter det seg usikkerheit til tiltakssida.

NAV Aurland

Tenesteleiar: Einar Moen – kontorleiar NAV

Kjernefunksjonar:

Lov om sosiale tenester i NAV. Flyktingtenesta med Introduksjonslova.

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

NAV Aurland og NAV Lærdal har felles leining og samarbeider om tenesteproduksjon og beredskap. Har eit 3-årig prosjekt «Springbrettet», ei ungdomssatsing (felles Aurland og Lærdal). Felles gjeldsrådgjevar mellom Årdal, Aurland og Lærdal.

Viktige hendingar:

Førebuing til ny oppstart i busetjing av flykningar i Aurland kommune. Erfarte utfordrande drifts-situasjon ved ferie-avviklinga.

Mål/utviklingsområde:

Ingen spesifikke for dette kvartal. God økonomirådgeving, formidling og støtte til arbeidslinja på brukarnivå. Gi betre tenester til arbeidsgjevarar. Regional satsing. Medverke godt til utviklingsarbeid i NAV region Sogn.

Kort resultatvurdering:

God drift i formidlingsarbeidet og overgang til arbeid. God kontroll på driftsbudsjettet. Lite press på sosialbudsjettet.

Økonomi/ressurs: 24210, 27600, 28110

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik i %	Prognose per 31.12
1 333 333	835 615	37,32	1 800 000

Kostnad på Flyktingbudsjettet (24220 og 27500) har ikkje råme, kjem i tillegg, og utgjer **kr 523.819 pr. 310822.**

Mindreforbruk skuldast fleire årsaker. Mindreforbruk blir redusert mot årsslutt. Noko redusert utgifter til sosialhjelp. Noko skuldast periodisering og rekningar for kvartal og halvår, som ikkje går opp i tertial. Etterskot på fakturering frå kreditorar. Avstemming av kostnadsansvar med annan etat. Det er grei oversikt over differansar i budsjett og prognosar.

Helse og førebygging

Tenesteleiar: Guri Olsen

Kjerneoppgåver:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, mellom anna det nye innsatsteamet retta mot barn og unge. Eininga deltek i arbeidet kring Leve Heile Livet reforma med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Viktige hendingar:

- Lege slutta i stillingen 1 juni.
- Ergoterapeut har sagt opp stilling, slutter 1 september.
- Jordmor har meldt frå om at ho går av med pensjon i november.
- Legekontoret får LIS1 lege, som tiltrer 1 september.
- Store utfordringar med å få vikarlegar igjennom sommarferien.
- Utlysing av vakante stillingar for legar, ergoterapeut, jordmor samt prosjektstilling på helsestasjonen. Ikkje søkjarar til legestilling eller ergoterapeut ved utløp av søknadsfrist. Ergoterapi stillinga er lyst ut på nytt, og søknadsfrist på jordmorstillinga er ikkje ute pr 1. september.
- Høgare sjukefråvær enn vanleg i eininga også dette kvartal.
- Vaksineringsdose oppfriskingsdose mot Covid-19 for alle over 65 år.

Kort resultatvurdering:

Ved utgangen av 2 tertial har ikkje kommunen ergoterapeut. Oppgåver knytt til funksjonen vert midlertidig løyst frå andre deler av tenesta, og den vakante stillinga er lyst ut på nytt. Fysioterapi melder om auka ventetid som følgje av dette.

Stadige endringar i målgruppe for oppfriskingsdose og type vaksine mot Covid-19, gjer at vaksinasjonsarbeidet hald fram. Ressursar til vaksinasjon vert i hovudsak omdisponert internt i eininga.

Avtalar kring vikarlegar er sikra ut året. Og arbeider med å rekruttere inn faste legar held fram.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Forbruk i %	Prognose per 31.12
12.333.333	12.023.451	97,5	18.500.000

Eininga fekk tilført betydelege midlar i 1 tertial. Ut i frå prognosane i dag, bør dette holde. Kostnadane knytt til vikarlegar er betydelege.

Det er usikkerheit kring kostnadar vedrørande rekruttering til vakante stillingar og eventuelle alternative løysingar kring desse tenestene. Til dømes kan løysing vedrørande jordmor være å kjøpe tenester frå helseføretaket slik kommunen gjorde tidlegare.

Direkte utgifter for kommunen knytt til tvistesak er kostnadsført på Helse og førebygging, under eige prosjektnummer. Det er påløpt kr 267.000 så langt og prognosen er ca 300.000. Interne lønnskostnadar knytt til medgått arbeidstid kring tvistesaka er ikkje synleggjort.

Pleie og omsorg

Tenesteleiar: Essi Mäki

Kjernefunksjonar: planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- **Institusjonstenester**
 - Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlastning, korttidsopphold, og langtidsopphold i institusjon
- **Tenester i eigen heim/omsorgsbustad**
 - Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringing, trygghetsalarm/velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, samt dagsenter for heimebuande eldre med demenssjukdom

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege, og spesialisthelseteneste. Samhandling og samarbeid internt med tenesteeiningar teknisk på bygg /bustader.

Viktige hendingar:

- BHT-samarbeidsplan for 2022 utarbeida 14.02.2022
 - Helsekontroll- mai 2022
- Tilsyn: pålegg frå Arbeidstilsynet oppfylt 09.05.2022
 - Risikokartlegging, vurdering og handlingsplan (ROS-analyse) på vold og trusler samt uheldige belastningar
 - Bistand frå bedriftshelsetenesten, Anovova til ROS-analysen
 - Frå ROS-analysen og handlingsplan
 - Kurs i vold og trusler og uheldige belastningar i regi av Avonova 21.04.2022
 - Kurs i psykososialt arbeidsmiljø og stressmeistring i regi av Avonova 19.05.2022
- Deltaking i læringsnettverk i regi av KS, TØRN: organisering av helse og omsorgstenester
 - Førstesamling i TØRN 27.04.2022 – siste oktober 2023
- Oppstart i opplæring i velferdsteknologiens ABC for tilsette i pleie og omsorg 28.04.2022
- [Seminar om kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi 12.05.2022](#) for innbyggjarar i kommunen ved Aurland helsetun
- Kunngjering av [kommunalt utdanningsstipend](#) saman med bu og miljøtenester jf. KS sak: 096/21
- Samarbeid med kultur om [kulturell aktivitet i Aurland helsetun](#), plan for 2022
- Leve heile livet reformen og arbeid lokalt
 - Oppretting av [forslagskasse](#) for innspel og forslag på forbetring av pleie og omsorgsteneste
- Førebygging av trykksår – kurs 06.04.2022 gjennom NAV hjelpemiddelsentralen
- Tannhelse, tann - og munnpleie i institusjon og heimesjukepleie, kurs 31.03.2022 gjennom Vestland fylkeskommune
- Smittevernrevisjon for 2022 (02.11 og 03.11.2022)

Mål/utviklingsområde:

- Organisering av helse og omsorgstenester
 - Rett kompetanse til rett tid og stad jf. TØRN
 - Heltidskultur og arbeidstidsordningar

- Prosjekt – nytt journal - system (saman med andre kommuner i IKNHT-samarbeid)
- Innføring av velferdsteknologiske løysingar: pilotering av GPS og Kamera hausten 2022
- Deltaking i gode pasientforløp mars 2021- september 2022
- Leve heile livet
- Nasjonal ernæringsstrategi
- Demensplan 2025
- Kompetanseløft 2025
 - Rekruttere og behalde i helse og omsorg ink. Kjøkken
 - Samarbeidsmøte med ABU: moglegheiter i pleie og omsorg 25.10.22 og 15.10.22
- Heildøgnsomsorgsbustadar
 - Planlegging av bygg og drift

Aurland kommune har vedtatt samarbeid med Alarmsentralen om mottak av velferdsteknologi og det er inngått felles rammeavtale på innkjøp/leige av teknologi. Denne avtala er fram til 09.02.2023 med høve til forlenging. Det må bli gjort ein fagleg og økonomisk vurdering om kommunen skal fortsette med avtalen eller om kommunen går over til avtalen som IKNTH kommune er med. Frå 2021 til 2022 har kommunen hatt auka i utgifter knytt til samarbeid med Alarmsentralen.

Kort resultatvurdering:

Helse og omsorgstenester i Aurland kommune er med i KS sin læringsnettverk TØRN, der det blir arbeidet med organisering av tenester og arbeidstid. Deltaking er viktig for pleie og omsorg, slik at eininga kan møte dagens og morgondagens utfordringar. Det er på noverande tidspunkt utfordringar med knappe ressursar, det er fleire ledige stillingar i avdelingane. Det er regnskapsført meir på fastløn enn det som ble budsjettert for 2022, dette utan at det er gjort noko ekstra tilsette. Det er òg meirutgifter på arbeidsgjevaravgift. Ledige stillingar i pleie og omsorg har ført til ekstra utgifter på overtid og forskyving av vakter. I sommaren 2022 var det fleire vakante stillingar, og for å få til ferieavvikling ble det gitt tilbod om ekstra betaling for tilsette som tok på seg ekstra vakt. Dette førte til ekstra utgifter. Vakante stillingar kan føra til dårlegare arbeidsmiljø og belastning på tilsette i avdelingane. Pleie og omsorg reduserer ikkje lovpålagde oppgåver og tenester, og tek heller ikkje vikarar når det er moglegheiter for det. Avdelingane gjer vurderingar på fagleg forsvarlegheit både ved reduksjon av tenester, og ved redusert bemanning. Pleie og omsorg fortsetter med dette fram mot ut året for å få minimere ytterlegare auka i budsjett.

I tillegg til ordinære driftsoppgåver, blir nytt journalsystem innført og teke i bruk frå 01.01.2023. Både deltaking i tørn og innføring av nytt journalsystem innebere at eininga må ta ut allereie knappe ressursar frå drift. Dette er for å ivareta medverknad, men òg for at tilsette kan delteke på naudsynt opplæring i perioden september- desember. I tillegg til opplæring må nye prosedyrar og rutinar bli implementert og teke i bruk. Desse prosessane kan innebere at tenestane må ta inn ekstra vikarar.

Oversikt over kapasitet – pleie og omsorg	Tal
Ledig plass Aurland helsetun sjukeheim pr. veke 38 (av 16 plassar)	3
Ledig plass Aurland helsetun demensavdeling pr. veke 38 (av 8 plassar)	1

Venteliste for korttidsplass i Aurland helsetun pr. 2022 (jf. rapportering til Helsedirektoratet)	0
Venteliste for langtidsplass i Aurland Helsetun pr. 2022 (jf. rapportering til Helsedirektoratet)	0
Ledig plass i omsorgsbustad i Aurland (9)	4
Ledig plass i omsorgsbustad i Flåm (8 + sørvisbustad)	2
Venteliste for omsorgsbustad i Aurland pr. 2022	0
Venteliste for omsorgsbustad i Flåm pr. 2022	0
Utskrivingsklare pasientar som blir liggjande i sjukehus i påvente av et kommunalt tilbod (sjukeheimplass) pr 2022, jf. HOL § 11-4	0

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik %	Prognose per 31.12
22 765 235	23 618 783	4,09 %	38 332 620

Bu- og miljøtenesta

Tenesteleiar: Christine Warholm Naasen

Kjernefunksjonar:

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.
- Tenester i eigen heim/ omsorgsbustad med heildøgnsteneste:
- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, omsorgsstønad

Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

Viktige hendingar:

1. Tildele tenester etter helse- og omsorgstenestelov basert på søknad om teneste, evaluere tenester i tråd med vedtak og iverksette teneste.
2. Fokus på smittevern og handtering av pågåande pandemi.
3. Ta i bruk ny velferdsteknologi.
4. TØRN-prosjekt i lag med dei andre helse- og omsorgstenestene i kommunen.
5. Prosjekt for nytt elektronisk pasientjournal system (EPJ), byte ut *Gerica* til *Visma Profil*.

Mål/utviklingsområde:

- Også i 2. tertial vart eininga berørt av pandemi, og deler av arbeidsstokken vart berørt. Dette har i mindre grad gått ut over tenestemottakarane, men har ført til auka innleige av personale grunna sjukefråvær i enkelte tiltak.
- Oppbygging av omsorgstiltak i tråd med brukarbehov. I eitt tiltak som vert organisert som BPA, vart bruka 18 år hausten 2021, og omsorgsansvaret gjekk over til kommunen. Målet var å gå over til at brukar fekk alle sine teneste dekkja av kommunalt personale. Frem til brukar var 18 år hadde pårørande ansvar for deler av omsorgen. Brukars vedtak vart revurdert hausten 2021, og tilseier 2:1 bemanning 24 timar i døgeret, med vaken ressurs på natt, som tilseier 9,5 årsverk. For å ivareta brukarperspektivet, var det hensiktsmessig å gradvis auke bemanninga. Tiltaket hadde 5,3 årsverk hausten 2021, der 60 % stilling var vakant. Eininga var i prosesser for å få oversikt over turnus og kostnader for den planlagde auka hausten 2021, men vart ikkje klar med dette då budsjettet skulle leggast. Ein kom difor til at endringane måtte justerast for i tertial i 2022. Budsjettet for 2022 var difor basert på drift etter 5,3 årsverk.

Som ein del av oppbygginga av tiltaket, fekk dei tilsette i ordninga tilbod om større stilling, slik at deler av den vakante stillinga vart dekkja. Tiltaket hadde 5,8 årsverk frå januar-april 2022, dvs 0,5 meir enn budsjettet, i tillegg til ein del overtid og meirforbruk grunna sjukefråvær. Dette vart det justert for i 1 tertial.

Eininga starta i januar 2022 rekrutteringsprosess for å få rekruttert inn to nye tilsette i 100 % stilling i tiltaket. Dei to nye tilsette starta i sine stillingar i 2.tertial, og tiltaket har no auka til 8,7 årsverk, fordelt på 7 personar. Det er ikkje tilgang til vikarar i tiltaket pr i dag, og dette gjer at det vert overtid ved til dømes ferieavvikling, eller sjukefråvær. Det er gjort grep for å få på plass vikar, men dette tek tid. Ein av dei tilsette har hatt lengre sjukefråvær i samband med svangerskap, og skal avvikle foreldrepermisjon. Det er tilsett vikar for vedkomande, men vedkomande har høgare lønn enn ho som er i permisjon. Dette vil også auke kostnadene i 2022.

Kort resultatvurdering:

- Tenesteutvikling:
- Oppbygging av eit omsorgstiltak i tråd med auka brukarbehov i denne perioden har ført til auka kostnader, spesielt då tiltaket har hatt vakanse, og er i ein oppbyggingsfase. Dette vil få vidare konsekvensar i 2. tertial, då tiltaket vil ha 8,7 årsverk frå 1.06.22.
- Eininga har jobba med å rigge tenestene for å kunne ta i bruk velferdsteknologi, og ser potensiale for innsparing. Leverandør på ny teknologi er forseinka, og prosessane vert forlenga. Den forventa innsparinga vert dermed forskyvd.
- Eininga har jobba systematisk med å ta i bruk nye elektroniske verktøy- Samhandling 365; bruk og kommunikasjon ved hjelp av Teams. Dei tilsette har fått tilbod om opplæring, og det er etablert eigen Teams gruppe for kvar avdeling og tiltak. Dette har betra samhandlinga i eininga og er ei sær sars positiv utvikling.
- Aurland skal byte ut EPJ-system og gå over til Visma profil frå 1.1.2023. Prosjektet vert leia av IKTNH, og starta i 2 tertial. Heile eininga vert berørt av prosjektet, med prosjektmøter og opplæring kvar veke.
- Eininga deltek i Tørn-prosjekt, som er eit KS-læringsnettverk, og sit i arbeidsgruppa i lag med tilsette frå Pleie og omsorg og helse og førebygging. Prosjektet handler om omstilling og omfordeling av oppgåver for å møte framtidens utfordringar innan helse og omsorg på ein god måte.
- Eininga har tatt i bruk nytt elektronisk kvalitetssystem og avvikssystem.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	Avvik i %	Prognose per 31.12
21 884 870	26 050 880	19%	29 750 000

Prognosen er utan forventa inntekter og refusjonar. Rekneskapen syner eit overforbruk på 4.1 mill. Bu og miljø fekk 1.758 000 mindre refusjon for ressurskrevjande brukarar i 2021, og avviket er ført som kostnad i 2 tertial. Eininga har i tillegg eit stort overforbruk i høve overtid, og eininga jobbar med å sette inn tiltak for å stabilisere dette. Årsaka til overtida er sjukefråvær og vakanse, og lite tilgang på vikarar. Deler av dette overforbruket vil kommunen få refusjon for, då overtid vil bli inkludert i kravet om refusjon.

Eininga har bygga opp omsorgstiltak for ein tenestemottakar gjennom fleire år, og i 2 tertial har omfanget auka i tråd med brukarbehovet med to årsverk, frå 5,3 i 2021, til 8,7 årsverk i 2022. Dette har ført til meirforbruk i høve budsjett, men er i tråd med brukars vedtak som tilseier tenesteomfang på 9,5 årsverk. Kostnadene i tiltaket ligg frå før av over innslagspunktet for å få refusjon, men totalt sett vert dette ei auke for drifta, og ramma må justerast pr 2 tertial i dette høve. Dette var også meldt om i 1 tertial.

Teknisk

Tenesteleiar: Reinhardt Sørensen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedomshandling og grunnverv
- Drift og handling av kommunale vegar
- Drift og handling av kommunale bygg
- Drift og handling av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vasshandling, ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingssprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

Viktige hendingar i 2. tertial:

- Bygging nybyggdel omsorgsbustadar Aurland helsetun.
- Bygging av VVA og tomter Ty bustadfelt.
- Planlegging av nye leikeanlegg Flåm, Gudvangen og Aurlandsvangen.
- Ferdigstilling av parkeringsareal Pottefot.

- Anbudsprosessar og tildeling av oppdrag på prosjekt Nærmiljøanlegg ABU, VA rådhuset-Trudvang-Hopen, overtaking Ytstebøen bustadfelt.
- Drift og vedlikehald av kommunale grøntareal i eigen regi.
- Omstillingsprosjekt for heile organisasjonen.
- Forvaltningsrevisjon av Teknisk eining.

Mål/utviklingsområde:

Års- og utviklingsplan for Teknisk - 2022

- Fokusområde og prioriterte tiltak.

Sideterrengsinspeksjonar på kommunale vegar og bruer	Fortløpande rapportering av avvik og utbetningspunkt på kommunale vegar
Hovudplan for veg	Hovudplan for veg – status, utbetningspunkt, framdriftsplan.
Planlegge oppfølging av prioriterte tiltak i kommunale planar	Overleveringsmøte når aktuelle planar er vedtekne/stadfesta
Investeringsreglement	Implementering av nytt investeringsreglement og økonomireglement som vart vedtekne i 2021
Tenesteskildringar	Utarbeide tenesteskildring for dei ulike fagområda på eininga
Geodataplan	Utarbeide Geodataplan for dei neste fire åra for kommunen
VA base	Oppdatering FKB data - VA base i kart, som grunnlag for hovudrullering av hovudplan VA
Tilsyn private avlaupsanlegg	Tilsynsstrategi, tilsynsprogram, malar
Aurland trafikk og parkering	Innføring av parkeringsgebyr, administrering, handheving, tilrettelegging, opparbeiding i samsvar med vedteken parkeringsstrategi og organisasjonsform.
Oppfølging trafikktryggingstiltak	Oppfølging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak i gjeldande plan Innføre system og rutinar for TS-inspeksjonar på det kommunale vegsystemet.
VA norm	Oppdatere VA norm ÅLAV
Rapportering	Utarbeide rutine for rapportering til politisk organ, samordna med møtekaldender.
Strategi for drift av park og idrettsanlegg	Utarbeide strategidokument for drift av park og idrettsanlegg i samband med at tenesta skal drivast i eigen regi.
Strategi for drift av offentlege toalett i kommunen	Utarbeide strategidokument som omhandlar kva toalett kommunen skal drifte, tilskot/støtte ordningar, framtidige lokalitetar sett i høve hovudplan for vatn - og avlaup, avklaringar i høve ansvar

Kort resultatvurdering:

Eininga tilsette ny kommunegartner i samband med at drifta av parkanlegga og idrettsanlegg skal drivast i eigen regi. Eininga har nytta sommaren på å bygge oppatt tenesta og kjøpe inn nytt utstyr.

Pandemien og krigen i Ukraina har ført til auka pris og etterspurnad på materiale. Leveringstida har auka vesentleg og det er stor usikkerheit knytt til pris. Denne situasjonen får direkte konsekvens for både investeringar, drift- og vedlikehald.

Det har vore fleire akutte hendingar for Aurland brannvern i 2 tertial. Sommarsesongen har vore prega av mange alvorlege hendingar langs vegane i kommunen.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 29.09.2022	Rekneskap pr. 29.09.2022	Avvik i %	Prognose
17 000 000	16 885 415	0,01%	25 213 000

Budsjett for heile 2022 er kr 25 213 000,-. Eininga ligg an til å halde budsjettet i 2022.

Vedlikehaldsetterslep:

I samsvar med års- og utviklingsplan for Teknisk vert det gjennomført kartlegging av behov for vedlikehaldsarbeid på kommunale bygg med einingane kvar vår. Gjennomførte rundar synar at etterslepet på sjølve bygga og som bør løysast på kort sikt er på om lag 15 mill. I tillegg kjem behov på eigedom og vegar. Nokre av vedlikehaldstiltaka er hastetiltak og er sett i bestilling.

Eininga har gjennomført ekstraordinært vedlikehald på kommunale bygg etter at kommunestyret løyvde 2 mill ekstra ved handsaming av 1. tertial. Pr 29.09.2022 er det nytta om lag 600 000 av desse til blant anna kanalrens og ventilasjon. Resten av året vil det blir utført tiltak på bustad i Gudvangen, vannbehandlingsanlegg ABU og AIS, heis ABU, sikringsskåp kommunale bustadar m.fl.

I samband med arbeid med hovudplan for veg har vi fått kartlagd status og tilstand på dei kommunale vegane. Kostnads kalkyler m.fl ligg i hovudplanen. Dette dokumentet vil danne grunnlag for prioriteringar på vedlikehald.

Investeringar:

Budsjett 2022(endra)	Rekneskap pr 29.09.2022
100 600 000	39 584 840

Det er generelt høgt investeringsaktivitet i kommunen. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver og beredskapsarbeid. Det er stor prisauke på alle områder, noko som påverkar kostnads kalkylane innan ein del prosjekt. Situasjonen i Ukraina påverkar leveransar og markedet i stor grad. De er knytt stor usikkerheit til indeksregulering. Kommunen må ta høgde for dette. Det er dårleg kapasitet i marknaden. Ved utlysing av anskaffingar er det generelt få føretak som melder sin interesse og som har kapasitet til gjennomføring.

Ein del av prosjekta kjem ikkje i gang før november/desember 2022 på grunn av kapasitet i markedet. Det vil difor bli betalt ut større beløp på slutten av året, samanlikna med 1. tertial.

Naudsynte justeringar på finansiering vert handtert gjennom budsjettreguleringa.

Vedlegg:

Vedtakskodeoversikt

Periode: 01.05.2022- 31.08.2022

Vedtakskode 10 – Vedtak påført (17 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021012035	Korona/Covid-19- Kompensasjonsordning til lokale verksemder 2022 -Tildeling i 7. runde av kommunale kompensasjonsmidlar	05.05.2022	
2021012749	Aurland hamnevesen KF - Årsrekneskap og årsmelding 2021	16.06.2022	
2021013117	Aurland Trafikk og parkering - Oppretting av politisk arbeidsgruppe	16.06.2022	
2021012600	Tertialrapport 1. tertial 2022 med budsjettendringar	16.06.2022	
2021012348	Godkjenning av Tiltaksplan Vestnorsk Fjordlandskap - kulturlandskapet	16.06.2022	
2021012643	Masterplan for reisemålet Sogn	16.06.2022	
2021012558	Samfunnsdelen - utlegging til høyring og offentlig ettersyn	16.06.2022	
2021012494	Aurland hjorteutval - søknad om tilskot til drift i 2021, 2022 og 2023	07.06.2022	
2021012745	Årsrekneskap og årsmelding 2021 - Aurland kommune	16.06.2022	
2021012484	Avklaringar etter offentlig ettersyn av Områdeplanen for Flåm	07.06.2022	
2021012625	Konsesjonsavgiftsfondet juni 2022-handsaming av søknadane	02.06.2022	
2021012562	Kulturmidlar 2022	30.05.2022	
2021012582	Samlesak skjenkeløyver etter alkohollova vår 2022	30.05.2022	
2021012436	Sakshandsaming - Søknad om skjenkeløyve - Visitgudvangen As	30.05.2022	
2021012831	Detaljreguleringsplan for Fretheim Hotel - Oppstart av planarbeid	07.06.2022	
2021011208	Søknad om dispensasjon frå arealføremål - Bjørn Vike - GBNR 29/2	09.05.2022	
2021011006	Løyve til omlegging av Rallarvegen - GBNR 47/74 - dispensasjon frå arealføremål	09.05.2022	

Vedtakskode 20 - Vedtak ekspedert (2 saker)

	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021011912	Siv Lisbeth Tønder - søknad om motorferdsel i utmark - barmark	09.06.2022	
2021012545	TV-aksjonen NRK - Leger uten grenser	21.06.2022	

Vedtakskode 30 – vedtak under arbeid (1 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021011077	Namnesak Otternes / Åtnes	17.06.2022	

Vedtakskode 40 – Vedtak utført (22 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021012045	Framlegg til reglement for fleksibel arbeidstid	01.08.2022	
2021011643	Framlegg til HMT systemhandbok for Aurland kommune	01.08.2022	
2021011528	Framlegg til administrativ beredskapsplan ved streik	01.08.2022	
2021009833	Framlegg til prosjektmandat og omstillingshandbok - Omstilling og nyskapande utvikling i Aurland kommune	01.08.2022	
2021009825	Framlegg til kommunikasjonsstrategi for Aurland kommune	01.08.2022	
2021009768	Framlegg til omstillingshandbok for Aurland kommune	01.08.2022	
2021008916	Evalueringsrapport OU-fase 1	01.08.2022	
2021008864	Bruk av velferdsmidlar 2022	01.08.2022	
2021008863	Val av vara arbeidstakarrepresentant AMU 2022 - 2023	01.08.2022	
2021007461	Evaluering av Nynorske Litteraturdagar	01.06.2022	
2021012650	Framlegg til lønspolitiske retningslinjer for Aurland kommune	20.07.2022	
2021012667	Løyvingsoversikt § 5-4 - årsbudsjett 2022	19.06.2022	
2021012656	Styregodtgjersle til medlem i fjellstyret 2022-2023	19.06.2022	
2021012593	Fritak frå politiske verv i Aurland kommune	19.06.2022	
2021011404	Gåve til Flyktningshjelpen	19.06.2022	
2021010339	Utlekking av eigedomsskatt 2022 til offentlig ettersyn	19.06.2022	
2021007364	Deltaking i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap	19.06.2022	
2021004626	Bruk av lånemidlar – budsjett 2021	19.06.2022	
2021008850	Framlegg til nytt eigenmeldingsskjema	01.08.2022	

13.10.2022

Eigarskapsmelding 2022 - 2024

Aurland kommune

Innhold

1. INNLEIING	3
2. SELSKAPSFORMER	4
2.1. Kommunale føretak.....	4
2.2. Vertskommune.....	4
2.3. Interkommunalt politisk råd.....	5
2.4. Kommunalt oppgåvefellesskap	6
2.5. Interkommunalt selskap (IKS).....	6
2.6. Aksjeselskap (AS).....	7
2.7. Stiftelse.....	7
2.8. Samvirkeføretak/andelslag.....	8
2.9. Andre organisasjonsformer	8
2.10. Oppsummering.....	8
3. KOMMUNEN SINE MOTIV FOR Å OPPRETTE EIT SELSKAP.....	10
3.1. Finansielt motivert eigarskap	10
3.2. Politisk motivert selskap.....	10
3.3. Effektivisering av tenesteproduksjon	10
3.4. Samfunnsøkonomiske motiv	10
3.5. Regionalpolitisk posisjonering.....	10
3.6. Blandingsføremål.....	10
4. REGLAR FOR EIGARSTYRING	11
5. OVERSIKT OVER SELSKAP KOMMUNEN HAR EIGARINTERESSER I.....	13
5.1. Aksjeselskap	13
5.1.1 Aurland Eige AS	13
5.1.2 Sogn og Fjordane Holding AS.....	14
5.1.3 Kommunekraft AS.....	15
5.1.4 Visit Sognefjord AS	15
5.1.5 Sogneprodukt AS	16
5.1.6 SognLab AS	17
5.2. Interkommunale selskap	18
5.2.1 SIMAS.....	18
5.2.2 Alarmsentralen IKS	18
5.3. Kommunalt oppgåvefellesskap	20
5.3.1 IKTNH.....	20
5.4. Andre selskap og samarbeid	21
5.4.1 Samvirkeføretak/andelslag.....	21

5.4.2. Vertskommunesamarbeid	21
5.4.3. Stiftingar	21
5.4.4. Gjensidig forsikringsselskap KLP	22

1. INNLEIING

Kommunane har, innfor rammene av lovverket, stor fridom til å organisere tenestene slik dei finn det mest hensiktsmessig. Tenestene kan organiserast som ein del av kommunen, eller som sjølvstendige rettssubjekt. Når tenesteproduksjonen vert halde innfor den kommunale organisasjonen, gjeld styringssystemet som følger av kommunelova. All avgjerdsmynde er då i utgangspunktet lagt til kommunestyret, men kan delegerast til underliggande organ og til administrasjonen.

Kommunane kan og velje å legge delar av verksemda i selskap. Føremålet med dette kan vera fleire og ulike, som at ein ønsker å løysa oppgåver saman med andre kommunar, eller andre offentlege eller private aktørar. I nokre tilfelle kan det vera hensiktsmessig å etablere selskap for å avgrensa økonomisk risiko. Fleire offentlege selskapsdanningar er grunngeve ut frå naturlege monopolsituasjonar, som til dømes innfor kraftsektoren.

Når delar av den kommunale verksemda leggst i eigne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den lovgivinga som gjeld for den aktuelle selskapsforma. Kommunestyret si styring av selskapet må utførast i selskapet sitt eigarorgan. Ansvar for at oppgåvene vert utført i tråd med regelverket ligg likevel til kommunestyret.

At verksemder eller tenester blir skild ut og lagt i eigne selskap inneber at vilkåra for folkevald styring og kontroll endrast. Slik desse selskapa er organisert, skal dei styrande organa i selskapa ha stor grad av fridom til å driva verksemda. Lovverk og vanlege normer for god selskapsstyring sett grenser for kor mykje kommunane som eigar av slike selskap, kan og bør involvere seg i verksemda.

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunestyret minst ein gong i valperioden vedta ei eigarskapsmelding. Meldinga skal innehalde:

- a) Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) Kommunen sine føremål med eigarinteressene

Kapittel 2 i dette dokumentet inneheld ein gjennomgang av dei viktigaste selskapsformene og rammevilkåra for desse. I denne samanhengen er også interkommunalt samarbeid etter kommunelova teke med. Kapittel 3 har ein gjennomgang av kommunen sine motiv for å danne eit selskap. I kapittel 4 kjem kommunen sine reglar for eigarstyring. Kapittel 5 har ei oversikt over selskapa kommunen har eigarinteresser i.

Denne eigarskapsmeldinga skal reviderast og handsamast på nytt i løpet av første heile året i ny kommunestyreperiode. Kvart år skal det leggst fram ein rapport med oversikt over kommunen sitt eigarskap og resultat frå selskapa målt opp mot føremålet med eigarskapet, jf. kap. 5 i meldinga.

2. SELSKAPSFORMER

I dette kapittelet går me gjennom dei viktigaste formene for selskap, samt organiseringar av samarbeid etter kommunelova. Organiseringar som var lovlege etter den førre kommunelova, men som ikkje er vidareført i den nye, vert nemnd kort.

2.1. Kommunale føretak

Kommunale føretak (KF) opprettast med heimel i kommunelova kap. 9. Juridisk sett er eit KF ein del av kommunen og ikkje eit eige rettssubjekt. Organisasjonsforma er eigna til å skape noko større grad av sjølvstende for verksemder i kommunen, men kan ikkje nyttast til interkommunal samarbeid.

Eit KF skal ha eit styre oppnemnt av kommunestyret. Same organ skal fastsette vedtekter. KF skal ha ein dagleg leiar som rapporterer til styret. Sjølv om eit KF er ein del av kommunen, har ikkje kommunedirektøren instruksjons- eller omgjeringsmynde innafor styret sitt område. Kommunedirektøren kan likevel pålegge dagleg leiar å utsette iverksetting av saker fram til kommunestyret har handsama dei.

Eventuelle tilsette er formelt tilsett i kommunen. Kommunen heftar vidare fullt ut for selskapet sine forpliktingar og rekneskapen inngår som del av kommunen sin rekneskap. KF er forplikta til å etterleve forvaltningslova og offentleglova når det gjeld saksbehandling og offentleg innsyn.

Ansaret for føretaket ligg i utgangspunktet hos styret, men kommunestyret kan sikre framleis kontroll over konkrete område gjennom å avgrense styret sine fullmakter. Sidan KF er ein integreert del av kommunen sin økonomi, er det naturleg at løpande rapportering skjer som ein del av den ordinære rapporteringa til politisk nivå.

Organisasjonsmodellen nyttast gjerne i litt større kommunar når dei skal drive verksemd som skal ivareta både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn, og der det skapast inntekter som skal tilbake til føremålet (til dømes hamn, vatn og avlaup, renovasjon, kino). Aurland kommune har Aurland hamnevesen som kommunalt føretak.

2.2. Vertskommune

Vertskommunesamarbeid er heimla i kommunelova kap. 20. Modellen er eigna når to eller fleire kommunar ønsker å samarbeide om lovpålagte oppgåver og utøving av offentleg mynde. Det er berre kommunar som kan samarbeide på denne måten.

Kommunelova gir rammer for to former for samarbeid, administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2), og vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20.3). Felles for desse er at det skal ligge ein skriftleg avtale til grunn for samarbeidet, og det er formelle krav til kva denne skal innehalde (§ 20-4).

Administrative vertskommunesamarbeid inneber at vertskommunen skal utføre oppgåver og treffe avgjersler etter delegert mynde frå samarbeidskommunane i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell betydning. Formelt skjer dette ved at kommunestyra i samarbeidskommunane instruerer rådmennene til å delegere fullmakt til rådmannen i vertskommunen. Den folkevalde styringa vert ivareteke av

politiske organ i vertskommunen, men samarbeidskommunane kan gi vertskommunen instruks om utøving av den delegerte mynden i saker som berre gjeld samarbeidskommunen eller innbyggjarane der.

Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd inneber at kommunane opprettar ei felles nemnd hos vertskommunen med minimum 2 deltakarar frå kvar kommune. Deltakarkommunane kan delegere til nemnde mynde til å gjere vedtak også av prinsipiell betyding. Det skal skje ved at kommunestyra sjølv delegerer same kompetanse til nemnda. Nemnda kan vidaredelegere mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betyding til vertskommunen sin administrasjon.

Samarbeidsmodellen gjer at ansvaret for å løyse oppgåver og treffe avgjersler overførast frå ein kommune til ein annan, men det vert ikkje oppretta noko eige rettssubjekt. Oppgåvene innpassast i vertskommunen sin organisasjon, og eventuelt tilsette overførast til vertskommunen etter prinsippa om overdraging av verksemd. Vidare oppfølging av rekneskap og rapportering skjer som del av vertskommunen sine system for styring og kontroll. Mellom anna er det kontrollutvalet i vertskommunen som fører kontroll med oppgåvene på vegne av alle samarbeidskommunane. Forvaltnings- og offentleglova gjeld på same måte for saksbehandling og offentleg innsyn.

Vertskommunesamarbeid kan oppløysast med umiddelbar verknad dersom alle deltakarane er samde om det. Elles kan oppseiingstid avtalast i samarbeidsavtala.

Vertskommunesamarbeid etter § 20-2 (administrative) vert gjerne brukt som overbygning for samarbeid om administrative tenester (som lønn og rekneskap), NAV, barnevern og tilsvarande. Aurland kommune er mellom anna med i vertskommunesamarbeid på følgjande område:

- Barnevern (Aurland er vertskommune)
- Landbruk (Lærdal er vertskommune)
- Miljøretta helsevern (Sogndal er vertskommune)
- Lokalmedisinsk senter (Lærdal er vertskommune)
- PPT (Sogndal kommune er vertskommune)
- Offentlege innkjøp (Kinn er vertskommune)

Alle samarbeid er organisert som administrative vertskommunesamarbeid.

2.3. Interkommunalt politisk råd

Etter kommunelova kap. 18 kan to eller fleire kommunar eller fylkeskommunar saman opprette eit interkommunalt politisk råd. Rådet kan behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrenser, men kan ikkje gis mynde til å gjere enkeltvedtak (§ 18-1). Likevel kan rådet gis mynde til å gjere vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Det skal gjerast ei skriftleg avtale mellom partane som dannar rådet (§ 18-4). Avtala skal vedtakast av alle kommunestyra/fylkesting som deltek i samarbeidet. Der skal det mellom anna stå om rådet er eit eige rettssubjekt. Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd (§ 18-3). Alle deltakarar i rådet skal vera representert med minst eitt medlem i representantskapet. Representantskapet kan bestemme at det skal opprettast eit styre til styring av rådet.

Den enkelte deltakar i eit interkommunalt politisk råd har uavkorta økonomisk ansvar for sin del av Rådet sine forpliktingar (§ 18-2).

2.4. Kommunalt oppgåvefellesskap

To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgåvefellesskap for å løyse felles oppgåver. Organisasjonsforma er heimla i kommunelova kap. 19, og er tilpassa samarbeid om felles kommunale oppgåver.

Det skal gjerast ei skriftleg avtale mellom partane som deltek i oppgåvefellesskapet (§ 19-4) Avtala skal vedtakast av alle kommunestyra/fylkesting i deltakarkommunane. Der skal det mellom anna stå om fellesskapet er eit eige rettssubjekt. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap (§ 19-3). Alle deltakarar i rådet skal vera representert med minst eitt medlem i representantskapet. Representantskapet kan bestemme at det skal opprettast eit styre til styring av fellesskapet.

Den enkelte deltakar i eit oppgåvefellesskap har uavkorta økonomisk ansvar for sin del av fellesskapet sine forpliktingar (§ 19-2).

Aurland kommune er med i kommunale oppgåvefellesskap.

2.5. Interkommunalt selskap (IKS)

Interkommunale selskap har heimel i lov om interkommunale selskap (IKS-lova), jf. kommunelova § 17-1, og er meint som ein organisasjonsmodell for offentleg oppgåveløysing med eit visst forretningsmessig preg. Eit IKS er eige rettssubjekt, og både rettsleg og økonomisk skilt frå deltakarkommunane. Det er berre kommunar, fylkeskommunar og andre IKS som kan vera deltakarar i eit IKS.

Det skal opprettast ei skriftleg selskapsavtale for alle IKS (§ 4). Det er kommunestyra som skal vedta avtala (representantskapet i IKS som er deltakar) og eventuelle endringar i denne.

Deltakarkommunane har ubegrensa ansvar for ein viss prosentdel eller brøk av selskapet sine forpliktingar (IKS-lova § 3). Selskapet er eige rettssubjekt, men kan berre ta opp lån dersom det er opna for det i selskapsavtala. Avtala skal i så fall bestemme ei øvre låneramme.

Det øvste styringsorganet i eit IKS er representantskapet (§ 6). Alle deltakarar skal ha minst eitt medlem i representantskapet. Medlem skal vera oppnemnt av kommunestyret, som har instruksjonsrett ovanfor sine representantar.

Eit IKS skal også ha eit styre (§ 10). Medlemmer vert oppnemnt av representantskapet, som også vel styreleiar og nestleiar dersom ikkje anna er bestemt gjennom selskapsavtala.

Vidare skal eit IKS ha ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av selskapet i tråd med dei retningslinjer og pålegg styret gir. Eventuelt andre tilsette har selskapet som arbeidsgjevar.

Gjennom føresegnene i selskapsavtala har deltakarkommunane i utgangspunktet relativt stor innflytelse over styringa i selskapet, i alle fall samanlikna med eit AS. Det økonomiske ansvaret er også større for deltakarkommunar i eit IKS, noko som gjenspeiler den auka moglegheita for å påverke.

Aurland kommune er mellom anna deltakar i:

- SIMAS
- IKT Nord Hordaland (IKTNH)
- Alarmsentralen IKS

2.6. Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap er regulert gjennom lov om aksjeselskap (aksjelova). Denne er ikkje spesielt tilpassa offentleg verksemd, men for verksemdar der føremålet er å skape inntekter og overskot. Samstundes er det ein av få organisasjonsmodellar der både private og offentlege kan delta. Lova setter ikkje grenser for kven som kan vera eigar, og selskapsmodellen gir difor moglegheit for fleksibilitet på eigarsida.

Aksjelova gir ganske klare reglar for korleis eit aksjeselskap skal organiserast. Det skal vera eit stiftingsdokument med vedtekter (al. § 2-1). Lova oppstiller dessutan minstekrav til både stiftingsdokumentet (§ 2-3) og vedtektene (§ 2-2).

Eigarane sitt økonomiske ansvar er avgrensa til den innskotne aksjekapitalen. Eit AS er eige rettssubjekt, der dei tilsette har selskapet som arbeidsgjevar og dagleg leiar som øvste administrative leiar.

Det øvste styringsorganet i eit AS er generalforsamlinga, der alle eigarar har rett til å delta. Kommunestyret oppnemner kommunen sine representantar, og har instruksjonsrett ovanfor desse.

Eit AS skal også ha eit styre som har ansvaret for forvaltninga av selskapet og skal sørge for ei tilfredsstillande organiseringa av verksemda, slik at selskapet vert drifta i samsvar med eigarane sitt føremål og innafor lovverket.

Aurland kommune er eigar i fleire AS, som til dømes:

- Aurland Eige AS
- Kommunekraft AS
- Visit Sognefjord AS

2.7. Stiftelse

Stiftingar er regulert i stiftelseslova. Organisasjonsforma skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokre eigarar eller deltakarar, den er sjølv eigande.

Kommunar kan opprette ei stifting åleine eller saman med andre offentlege og/eller private verksemdar. Stiftingslova gir reglar for korleis dette kan skje, mellom anna gjennom minstekrav til

vedtekter. Stiftingar skal elles ha eit klart føremål. Når stiftinga er oppretta har ikkje lenger stiftarane råderett over verksemda eller formuesverdien som er overført stiftinga. Det skal oppnemnast eit styre som skal forvalte verksemda i tråd med føremålet.

Stiftingar er eige rettssubjekt, og eventuelle tilsette har stiftinga som arbeidsgjevar og dagleg leiar som øvste administrative leiar.

Stiftingar er berre ei hensiktsmessig organisasjonsform når det er eit ønske om å gjera verksemda heilt uavhengig av kommunen, typisk i samband med donasjonar eller tildelingar der avkastinga skal nyttast til å fremma føremålet med stiftinga.

2.8. Samvirkeføretak/andelslag

Med samvirkeforetak meinast ei samanslutning med hovudføremål å fremma medlemmane sine økonomiske interesser ved at desse deltek i verksemda anten som forbrukarar, leverandørar eller på annan måte. Avkastinga vert stort sett verande i verksemda, eller fordelt mellom medlemmane på bakgrunn av deira omsetting i føretaket. Ingen av medlemmane har personleg ansvar for føretaket sine forpliktingar.

Eit samvirke skal ha eit stiftingsdokument med vedtekter, og skal ha eit styre som sørger for at drifta er i samsvar med vedtektene.

2.9. Andre organisasjonsformer

§ 27-styre. Den tidlegare kommunelova gav heimel til interkommunalt samarbeid etter § 27. Samarbeidet kan vera organisert som ein del av ein kommune, eller som eit eige juridisk selskap (IS). Ordninga er ikkje vidareført i ny kommunelov, og det er gitt ein frist til hausten 2023 å gjer om § 27-samarbeid til lovlege selskapsformer. Kommunen er med i Sogn Regionråd.

Ansvarleg selskap (ANS/DA). Det følger av selskapslova at kommunar ikkje kan vera deltakar i eit ANS eller DA.

2.10. Oppsummering

Oversikta over kva selskapsformer me har, viser at det er stor forskjell på graden av kontroll og styring kommunestyret kan utøve frå selskapsform til selskapsform. Figuren under viser kvar på skalaen selskapsformene ligg:



Det er også forskjellar på i kva grad dei ulike selskapsformene er omfatta av forvaltningslova og offentleglova. Forvaltningslova gjeld for all verksemd som vert drive innafor kommunen som eige rettssubjekt, inkludert kommunale føretak. Selskap vert normalt sett ikkje omfatta av forvaltningslova, men dersom dei har så tett tilknytning til forvaltninga at dei kan sjåast som eit organ for stat eller kommune, så vil forvaltningslova likevel gjelde. Offentleglova gjeld for kommunale eigde selskap dersom det offentlege har eigardelar som gir rett til meir enn halvparten av røystene i det øvste styringsorganet, eller direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmane med røysterett i det øvste organet. Offentleglova gjeld likevel ikkje for offentlig eige selskap som hovudsakleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med, og på same vilkår, som private

3. KOMMUNEN SINE MOTIV FOR Å OPPRETTE EIT SELSKAP

Kommunen har ulike motiv for å opprette eller gå inn i eit selskap. Desse motiva kan delast inn i 5 hovudmotiv, sjå under. Med bakgrunn i motiva og hovudgrunngevinga for opprettinga, skal kommunen velje den mest passande selskapsforma.

3.1. Finansielt motivert eigarskap

Omfattar oppretting av selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er stor moglegheit for økonomisk utbytte, og sterk avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert.

3.2. Politisk motivert selskap

Oppretting av selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er eit strategisk val for å posisjonere kommunen og/eller regionen, eller for å ivareta eller utføre kommunale kjerneoppgåver under politisk ansvar.

3.3. Effektivisering av tenesteproduksjon

Oppretting av selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er ønske om å effektivisere tenesteproduksjonen og redusere kostnader.

3.4. Samfunnsøkonomiske motiv

Oppretting av selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er å oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat, og/eller kvalitet på oppgåveløysinga. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga.

3.5. Regionalpolitisk posisjonering

Oppretting av selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er å styrke regionen sine moglegheiter og posisjon til å utføre oppgåver samanlikna med andre regionar og nasjonalt. Her kan også posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriteringar vera del av grunngevinga.

3.6. Blandingsføremål

Det kan sjølvstakt tenkast at selskap vert oppretta med ei blanding av fleire motiv. Val av selskapsform vil krevja særleg omtanke i selskap med blandingsføremål. Eit utgangspunkt bør vera at jo større politisk betydning ei verksemd har, dess større bør den politiske påverknaden og styringa vera

4. REGLAR FOR EIGARSTYRING

Følgande reglar skal leggest til grunn for kommunen si eigarskapsforvaltning:

1. Grunnge eigarskap og val av selskapsform

Avgjersle om å gå inn i eit selskap skal alltid grunnjevast. Det same skal val av selskapsform. Selskapsforma skal vera tilpassa verksemda sine føremål og oppgåver, behovet for eigarstyring, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og aktuelle lovverk.

2. Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private

Verksemdar som opererer i ein marknad i konkurranse med andre aktørar, samstundes som dei utfører kommunale oppgåver som ikkje skjer i konkurranse med andre, bør sørge for eit skilje mellom dei to delane for å unngå brot på reglane om offentleg støtte.

3. Sørge for at dei folkevalde har god kunnskap om eigarskap og eigarstyring

Informasjon om eigarskap generelt og dei selskapa kommunen har eigarinteresser i konkret, skal vera del av folkevaldopplæringa i starten av ny kommunestyreperiode. Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnst til verv i selskapa. Eigarrepresentantane skal opptre i tråd med eventuelle føringar frå kommunestyret.

4. Utarbeide ein årleg rapport om selskapa til kommunestyret

Det skal haldast eit eigarmøte i kommunestyret første møtet etter sommaren kvart år. I møtet skal det leggest fram ein rapport med oversikt over dei selskapa kommunen er med i, tilstanden på selskapa, samt ei vurdering av om selskapet og kommunen sitt eigarskap oppfyller føremålet med selskapet. Rapporten skal inngå i eigarskapsmeldinga som kap. 5. Selskap som kommunen har eigarskap i, kan bli invitert til dette kommunestyremøte for å gi orientering.

5. Registrering av styreverv

For å sikre openheit om folkevalde og leiarar sine verv og roller skal alle som tar på seg styreverv, og som sit i leiinga i kommunale føretak og selskap, registrere seg i KS sitt styrevervregister.

6. Styremedlem i morselskap skal ikkje sitte i styra i dotterselskap

Dette er viktig for å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold. Det må og takast omsyn til den styrekompetansen som dei respektive selskap treng innan konsernet kan vere ulik.

7. Arbeide for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for drifta av selskapet

Selskap kommunen har eigarinteresser i bør ha ei aktiv og bevisst haldning til etiske spørsmål, gjerne fastlagt i egne etiske retningslinjer som vert utarbeidd for, og som brukast aktivt i det enkelte selskap.

8. Sørge for at kontrollutvalet sikrast gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte

Kontrollutvalet gjennomfører selskapskontroll på vegne av kommunestyret. Det må vera god dialog mellom kommunestyret og kontrollutvalet i eigarskapsaker, samt koordinering med andre eigarar i selskap der kommunen berre er deleigar.

9. Arbeide for at selskapa kommunen har eigarinteresser i følger KS sine tilrådingar for eigarskap

KS har tilrådingar om å sørge for god samansetting og kompetanse i selskapsstyrer, kjønnsbalanse, samt bruk av valkomité. I tillegg er det gitt tilrådingar om å lage rutinar for handtering av habilitet i styra. Kommunen skal arbeide for at selskapa følger desse tilrådingane.

5. OVERSIKT OVER SELSKAP KOMMUNEN HAR EIGARINTERESSER I

Kommunelova § 26-1 bokstav b) stiller krav til at det skal leggest fram for kommunestyret ei «oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i». I føresegna bokstav c) står det at også kommunen sitt føremål med eigarskapet skal tas med i oversikta. Av forarbeida til kommunelova framgår det at det med «selskaper» er meint AS og IKS, men at også mellom anna samvirkeforetak, kommunalt oppgåvefellesskap og vertskommunesamarbeid bør takast med. I oversikta under er selskapa delt inn etter organisasjonsform.

5.1. Aksjeselskap

Kommunen har eigarskap i fleire aksjeselskap, dei fleste berre saman med andre offentlege eigarar. Der selskapet er del av eit konsern, viser oversikta berre morselskapet, men dotterselskapa er lista opp.

5.1.1 Aurland Eige AS

Føremål:

Selskapet si verksemd er å eige, forvalte og utvikle enkelte av Aurland kommune sine heileigde og deleigde verksemdar, spesielt innafor bransjane energi og reiseliv.

Selskapet har som føremål å skaffe aksjonærane vinst ved auke i aksjeverdiar og utbytte. Overskotet skal inngå i ein plan der behovet for stabilt utbytte til Aurland kommune blir ivareteke.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

100%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Aurland Energiverk AS (100%)

Leinafossen Kraftverk AS (100%)

SEV AS (50%)

Sygnir AS (10%)

SKR Fiber AS (11.1%)

Luna Mineral AS (71%)

Luna Industri AS (100%)

Aurland Ressursutvikling AS (litt over 30%)

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

2 medlem i styret – David Underdal og Johannes Dalsbotn

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: samfunnsøkonomisk motivert, finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Vedtekter, Instruks til styret, eigarstrategi – juni 2019

Selskapskontroll siste 5 år:

Ja, eigarskapskontroll utført av KPMG – 2020

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Aurland kommune har ikkje oppnådd stabilt og planmessig utbyte frå Aurland Eige AS. Selskapet vart etablert i 2019, og dei påfølgande åra har det vore store utfordringar i reiselivsbransjen. Det er forventa at det blir utarbeidd ein plan for stabilt og påreknelig utbyte i samsvar med føremålet til selskapet.

5.1.2 Sogn og Fjordane Holding AS

Føremål:

Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband ned føremålet.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

1,96% (B)

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Sogn og Fjordane Energi AS

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

1 medlem i styret – Noralv Distad

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

5.1.3 Kommunekraft AS

Føremål:

Kommunekraft AS vart stifta 28. april 1993 etter initiativ frå LVK. Selskapet har til føremål å hjelp/rådgje medlemskommunar ved omsetning av konsesjonskraft i marknaden til best moglege vilkår.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

0,3%

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: Samfunnsøkonomisk motivert, finansielt motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Aurland kommune nyttar seg ikkje av Kommunekraft AS

5.1.4 Visit Sognefjord AS

Føremål:

Felles sals, marknadsførings og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som er tilknytt reiselivsnæringa og profilering av regionen. Visit Sognefjord AS utøver og vertskapsrolla for Aurland kommune.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

8,36%

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga – ordførar

1 medlem i styret – Trygve Skjerdal

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsformål: Samfunnsøkonomisk motivert, regionalpolitisk posisjonering

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Visit Sognefjord har på oppdrag frå Sogn Regionråd laga ein Masterplan for reiselivet i Sogn, og Aurland er vart vedteken politisk i Aurland kommune i juni 2022.

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Visit Sognefjord AS driv i hovudsak med marknadsføring og sal av destinasjonen Sogn, og Aurland er store bidragsytarar inn i selskapet. I samband med koronasituasjonen måtte selskapet snu seg og endre både korleis dei marknadsførte seg og kven dei marknadsførte seg mot.

Det vart politisk vedteke hausten 2021 at ein skulle gå over frå fysisk til digital turistinformasjon (vertskapsrolla). Dette var ei løysing som ikkje fungerte sommaren 2022. Framføre sesongen 2023 må ein finna ei betre løysing, som vil fungere betre for kommunen, næringslivet og ikkje minst dei besøkande.

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.1.5 Sogneprodukt AS

Føremål:

Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv, ei bru til arbeidslivet for dei som treng hjelp til å skaffe arbeid eller utdanning.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

4,5%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Samfunnsøkonomisk motivert

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

5.1.6 SognLab AS

Føremål:

Levere labtenester til offentlege og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøt og fisk, konsulentverksemd og anna verksemd med knyting til dette.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

4,5%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Nei

Selskapskontroll siste 5 år:

Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.2. Interkommunale selskap

5.2.1 SIMAS

Formål:

SIMAS sine viktigaste oppgåver er å løysa eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering på ein best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig måte.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

5,36%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Sirkla Ressurs

Kommunal representasjon:

1 medlem i generalforsamlinga - ordførar

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Endring av selskapsavtale for SIMAS IKS var oppe i kommunestyret og samrøystest vedtatt 16.12.2021, sak 091/21.

Selskapskontroll siste 5 år:

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS etter vedtak av kontrollutvala i eigarkommunane, datert november 2020.

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

5.2.2 Alarmsentralen IKS

Formål:

Selskapet skal være tryggleikssenter for deltakar- og eigarkommunane. Selskapet skal utføre mottak og formidling av alarmtenester for kommunane. Selskapsavtalen gjeld naudmeldtenester for brann, automatiske alarmer i bygg og reponscenterfunksjon for deltakarkommunane innan tryggleiksalarmer og velferdsteknologi.

Styrande organ:

Generalforsamling, styre, styreleiar

Kommunen sin eigarpost:

1,67%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Kommunal representasjon:

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Samfunnsøkonomiske motiv

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet. Aurland kommune vurderer tilknytning mht velferdsteknologi.

5.3. Kommunalt oppgåvefelleskap

5.3.1 IKTNH

Formål:

IKTNH skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonssikkerheit, samt utvikling, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester.

Styrande organ:

Representantskap, styre og dagleg leiar

Kommunen sin eigarpost:

3%

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

Digitalisering og Innovasjon, Nordhordland

Kommunal representasjon:

1 medlem i representantskapet – ordførar

1 medlem i styret - kommunedirektør

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsføremål: Samfunnsøkonomiske motiv og effektivisering av tenesteproduksjon

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Samarbeidsavtale for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap - 2021

Selskapskontroll siste 5 år:

Nei

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet. Aurland kommune vurderer tilknytning mht velferdsteknologi.

5.4. Andre selskap og samarbeid

5.4.1 Samvirkeføretak/andelslag

Aurland kjøle og fruktlager SA

Formål:

Fryseri og kjølelager med mottak og omsetning av landmannsprodukt for lagsmennene.

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

Aurland setjefisk SA

Formål:

Produsere setjefisk for utsetjing i vatn og vassdrag i kommunen.

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3):

5.4.2. Vertskommunesamarbeid

Kommunen deltek i administrative vertskommunesamarbeid på følgende område:

- Barnevern (Aurland er vertskommune)
- Landbruk (Lærdal er vertskommune)
- Miljøretta helsevern (Sogndal er vertskommune)
- Lokalmedisinsk senter (Lærdal er vertskommune)
 - Legevakt
 - Legevakttelefon
 - Kommunelege
 - Psykolog

- PPT (Sogndal kommune er vertskommune)
- Logopedi (Sogndal kommune er vertskommune)
- Offentlege innkjøp (Kinn er vertskommune)

Samarbeida er motivert ut frå effektivisering av tenesteproduksjon

5.4.3. Stiftingar

Medstiftar av Nærøyfjorden Verdsarvpark

Stiftar av Stiftinga Otternes Bygdetun

5.4.4. Gjensidig forsikringselskap KLP

Formål:

Ivareta medlemmene sine behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan og anten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og anna verksemd som er lov for livsforsikringselskap, medrekna administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.

KLP er eit gjensidig forsikringselskap med fem heileigde dotterselskap organisert som aksjeselskap. Dotterselskapa skal bidra til auka vekst og lønsemd ved å tilby gode prisar på bank, fond og forsikring til alle som har pensjon i KLP.

Styrande organ:

Generalforsamling, føretaksforsamling, styre, Konsernsjef (dagleg leiar) og valkomité vald av føretaksforsamlinga.

Kommunen sin eigarpost:

Eigenkapitaltilskot

Dotterselskap (kommunen er indirekte eigar):

KLP Skadeforsikring AS

KLP Banken AS

-KLP Kommunekreditt AS

-KLP Boligkreditt AS

KLP Kapitalforvaltning AS

KLP Forsikringservice AS

KLP Eigedom AS

Kommunal representasjon:

Medlemar vel utsendingar (som regel ordførar) som har møte-, tale- og stemmerett i generalforsamlinga.

Kommunen sitt motiv med eigarskap (ref. kap. 3)

Blandingsføremål: Samfunnsøkonomiske motiv, finansielt motiv

Styringsdokument handsama i kommunale organ siste tre år:

Selskapskontroll siste 5 år:

Vurdering av eigarinteresser opp mot føremål:

Det er kommunedirektøren sin vurdering at selskapet sitt føremål samsvarar godt med dei motiva kommunen har med eigarskapet.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 16/2022 Utkast til møteplan for 2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	15.11.2022	16/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2023.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	15.11.2022	Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2023

Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2023. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Aurland kommune 2023

I tillegg til disse sakene kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Tidspunkt for møta er 9.00 – 11.00 (lengde avhengig av saksomfang)

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	7. februar	<ul style="list-style-type: none"> • Årsmelding for kontrollutvalet • Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)
2. møte	25. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekskap for kommunen (uttale frå kontrollutvalet) • Bestilling av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)
3. møte	6. juni	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang tertialrapport (1. tertial)
4. møte	12. september	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av eventuelle revisorbrev • Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon) • Handsaming av forvaltningsrevisjonsprosjekt
5. møte	14. november	<ul style="list-style-type: none"> • Orientering om eventuelle selskapskontrollar • Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial) • Årsmelding for kontrollutvalet – innspel frå medlemmane • Møteplan for neste år